

Norges Fritids – og Småfiskerforbund
v/Lars Kongsvik
Sagstadvegen 11
5243 Fana
e-post kongsviklars@gmail.com

Sagstad 16.mars 2026

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

Svar på høyring ang. fiske etter kveite i 2026

Norges Fritids og Småfiskerforbund takker for muligheten til å komme med innspill i denne saken og har følgende tilbakemelding:

Beskatning fra turistfisket

Rapportert kveitefangst til Fiskeridirektoratet, viser at turistfisket i perioden 2018 – 2024 har fiska 180.436 kveiter, derav er 103.370 beholdt. Dersom ein legg til grunn ei vekt på 10 kg pr stk så blei det tatt på land 1.033.700 kg, altså 1033 tonn kveite.

Rapporten viser og at frå januar – september 2025 blei det fiska og tatt på land 20.209 kveiter, altså 202 tonn med kveite i turistfisket.

Kan det vere slik at det i turistfisket er fiska kveite også i fredningstida? Og fisker turistane kveite også sør for 62 graden? Vi meiner det store uttaket av kveite som foregår i turistfisket er svært urimeleg, både sett i forhold til bestanden, føre-var prinsippet og dei strenge reguleringane norske fiskarar og fritidsfiskarar må forholde seg til.

Vi meiner difor det bør vere forbod mot fiske av kveite i turistfisket.

NFSF er klar over at dette ikkje er ein høyring som primært gjeld turistfisket. Vi vel likevel å spele det inn og så vil vi følgje opp saka i samband med vidare reguleringar av turistfisket.

Regulering sør for 62 grader.

I samband med høyringa om kveitefisket i 2025 meinte NFSF at den nordlege grensa for fredning av kveita burde vere på 61 grader/Sognefjorden. Grunnen til dette er at vi meiner situasjonen for kveita er slik at ein bør kunne hauste også sør for 62 grader.

Vi er glad for at direktoratet set døra på glytt for å kunne hauste noko også sør for 62 grader.

NFSF kjem med framlegg om at det vert fartøykvote på 2 tonn mellom 62 grader og 61 i grader.

Vidare kjem vi med framlegg om at det vert fartøykvote på 1 tonn mellom 61 grader og 59 grader.

Så oppmoder vi om Fiskeridirektoratet gjer det ein kan for å få HI til å auke innsatsen i kartlegginga av kveitebestanden sør for 62 grader.

Beste helsing

Norges Fritids- og Småfiskerforbund

Ottar Nygård
nestleiar

Lars Kongsvik
leiar